



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166 Oslo

Tlf: 22 04 49 70

E-post: [nso@student.no](mailto:nso@student.no)

[www.student.no](http://www.student.no)

1 Høringssvar fra Norsk studentorganisasjon

2

## 3 **Forskrift om opptak til høgare utdanning for** 4 **opptaksåret 2024-2025**

5

6

7 Kunnskapsdepartementet 22.09.23

8

9

### 10 **Kontakt Norsk studentorganisasjon**

11 Elida Linnea Slettum (fag- og læringsmiljøpolitisk ansvarlig), 982 25 994, [laringsmiljo@student.no](mailto:laringsmiljo@student.no)

12 Åste Solheim Hagerup (politisk rådgiver), 993 68 646, [aste@student.no](mailto:aste@student.no)

13

14

15

16

17

18

19

20

21

22

23

24

25

26

27

28

29

30

31

32

33 NSO takkar for moglegheita til å komma med innspel til forskrift om opptak til høgare utdanning for  
34 opptaksåret 2024/2025. Norsk studentorganisasjon representerer ca. 260 000 studentar ved  
35 norske universitet og høgskular.

### 37 38 **1.1 Kapittel 2. Generell studiekompetanse (forslag frå departementet)**

39  
40 Norsk studentorganisasjon stiller seg bak dette forslaget. NSO støttar at det skal vera fleire  
41 moglegheita til å dokumentera kunnskap i Norsk og samfunnskunnskap, mellom anna gjennom  
42 utdanning for utanlandske studentar. Sidan forslaget er ei endring som følgje av prop. 126 L  
43 (2022-2023) ser me det som ei nødvendig og dekkjande endring å fjerna studiepoeng frå  
44 ordlyden.

45  
46 Samstundes meiner NSO at god engelskkunnskap er viktig for å gjennomføra studiar på engelsk i  
47 Noreg. Difor meiner vi at det òg bør vera mogleg å kvalifisera seg til norsk høgare utdanning om  
48 du allereie har fullført ein bachelor på engelsk. I dagens forskrift er det berre ein master på  
49 engelsk eller 60 poeng i engelsk språk som er godkjent i høgare utdanning. Dette dekkjer ikkje  
50 studentar som har fullført ein engelsk bachelor tidlegare og har god kompetanse i engelsk språk.

### 51 52 **Kap. 2 Generell studiekompetansen § 2-2**

53  
54 NSO stiller seg bak HK-dir sitt forslag. Me meiner at det er ei positiv endring å dela opp føresegna  
55 i to underdelar. Vi meiner dette vil gjera det meir føreseieleg og forståeleg for utanlandske  
56 studentar å vita kva alternativ dei har for å kvalifisera seg i høgare utdanning i Noreg.

57  
58 Forslaget om å stryka studiepoeng er òg ei nødvendig endring i samanheng med forslag 1.1  
59 kapittel 2 og prop. 126L (2022-2023).

### 60 61 **Kap. 4 Spesielle opptakskrav §§ 4-4, 4-9 og 4-10**

62  
63 Norsk studentorganisasjon er oppteken av at krava for opptak til høgare utdanning ved norske  
64 utdanningsinstitusjonar normalt skal vera generell studiekompetanse, men at det samtidig kan bli  
65 nytta andre krav for opptak der det er formålstenleg.

66  
67 Me meiner at institusjonane sjølv kan setja spesielle opptakskrav på enkelte studiar, men berre  
68 når innhaldet i studiet tilseier det. Krava i slike tilfelle skal reflektera studiets eigenart og behovet  
69 for nødvendige forkunnskapar til å kunne gjennomføre utdanninga. I tillegg bør liknande studiar  
70 arbeide for liknande opptakskrav, uavhengig av utdanningsinstitusjon.

71  
72 NSO stillar seg bak HK-dir sine vurderingar av forslag §4-4, §4-9 og §4-10.



Norsk studentorganisasjon

Holbergs gate 1 / 0166 Oslo

Tlf: 22 04 49 70

E-post: [nso@student.no](mailto:nso@student.no)

[www.student.no](http://www.student.no)

73

74

75

## **Kap. 7 Rangering av søkjarar ved opptak §7-1**

76

77

NSO stiller seg bak dette forslaget. I første omgang er det viktig å heimla ordningar som allereie er praksis, for å sikra at alle søkjarar til høgare utdanning har den same føresetnaden for å tileigna seg kjennskap til ordninga.

78

79

80

81

Videre meiner NSO at informasjonen om opptak og studieplass kjem for seint. Dette skaper utfordringar, spesielt for førstegongsstudentar i ung alder, som ofte må flytta til ein ny by, skaffe bustad og nye relasjonar. Vi ønsker derfor at det skal gjennomførast et utgreiingsarbeid for å vurdere om og korleis opptaket til høgare utdanning kan framskundast.

82

83

84

85

86